

Den kulturelle spaserstokken 2014

Rapport

Stord kommune søkte Hordaland fylkeskommune om kr 243 000,- og fekk tildelt kr 74 000,- i 2014. Tildelingsbrevet kom i november og midlane vart overført til budsjettet for 2015.

Stord kommune fekk kr 73 000 i statstilskot frå Kulturdepartementet i 2013. Midlane skulle nyttast innan utgongen av 2014 og var fordelt slik:

| | |
|----------------------------|-----------|
| Kulturskulen | kr 47 000 |
| Stord Bibliotek | kr 15 000 |
| <u>Sunnhordland Museum</u> | kr 11 000 |
| Sum | kr 73 000 |

Sunnhordland Museum

DKS-førestillinga «*Den hugsar eg!*» vart gjennomført på Knutsaåsen Omsorgssenter 7.11.14, med om lag 60 tilhørarar. Førestillinga kombinerte teater og forteling, musikk og gitarspel, song og dans, og aktørane var Bjørn Arve Lunde og Johanne Ø. Tvedten. Mottakinga var særskilt godt, gjenkjenninga skapte engasjement og sluttnumeret måtte takast om att.

Biblioteket

Fredag 10.10. 14 kl. 11.00 på Knutsaåsen omsorgssenter
Føremiddagsarrangement på Knutsaåsen eldresenter for pensjonærar der og pensjonærar ved Stord sjukeheim.
Onsdag 19.11.14 kl. 11.00 i fojaen i Stord Kulturhus

«Frå den gamle leseboka» Kombinert litterært/musikalsk program.

Arrangementet var ved formidlar Johanne Øvstebø Tvedten og Fred Ole Bjørnstad (tekstlege innslag) og Anne Loe (musikk), og var på ca. 1 time inklusive traktering og sosial samling.
Ca. 40-50 personar til stades på arrangementa.

Ivar Aasen i tekst, song, allsong Føremiddagsarrangement i fojaen i Kulturhuset. Det var sett opp transport mellom institusjonane og Kulturhuset.

Programmet var ved Trio Vest (3 musikarar) og Kari .B. Lundal, bibliotekar og litteraturformidlar.

Innhaldet var stoff om Ivar Aasen, dikt ,songar og allsang knytt til Ivar Aasen sine tekstar.

Etter overslag var det 25-30 personar til stades på arrangementet , som var på om lag 1 time inklusive traktering og sosial samling.

Stord folkebibliotek hadde ansvaret for alt det praktiske i samband med arrangementa, og for trakteringa.

Føremålet med begge arrangementa var formidling av litteratur i ei musikalsk og sosial ramme; og tilpassa målgruppa.

Biblioteket oppfatta at arrangementa vart positivt motteke.

Kulturskulen samla eldre fra Kuntsaåsen omsorgssenter og Stord sjukeheim i fojaen i Stord kulturhus. Arrangementa vara i 2 timer frå kl 10:30 til kl 12.30.

Ansvaret denne dagen var Trio Vest og dansepedagog Jorunn Whittaker. Trio Vest består av Grete Hylland (fløyte), Jarle Kristoffersen (cello) og Magnus Blom (piano). Gjest på denne samlinga er violinisten og kulturskulelærar Alise Jonassen.

Ved kvar samling er det ein bok med konsert, allsong og servering.

Kulturskulen hadde 8 samlingar i løpet av året, og på kvar samling hadde dei invitert ulike gjesteartistar. Det kan nemnast, teaterlærar Torill Berger Falk, Tone Synnøve Hellesøy, piano, Stord Gitartrio med fleire.

Samlingane vert gjennomført i samarbeid med Stord Røde kors som står for servering av kaffi og kringle. Tilsette og pårørande frå sjukeheim og omsorgssenter følgjer dei eldre til Kulturhuset. Dei kjem trilla i rullestolar eller gåande med rullatorar.

Meldingane frå sjukeheim og omsorgssenter er at dei får ei positiv oppleving ved å bevege seg ut av institusjonane, og gler seg i lang tid på førehånd

Stord kommune hadde sett av eigne midlar i budsjettet og nytta dei slik:

Trommesirkel for eldre med Lars Koldstad




Sæverhagen dagssenter Måndag 12. mai 2014 Framsyning kl 10:00
Knutsaåsen omsorgssenter Måndag 12. mai 2014 Framsyning kl 12:00
På dagsenteret var det berre for demente.

« I løpet av 45 minutter forvandles gruppa av eldre til eit rytmisk pulserende orkester! Ved hjelp av enkle oppgaver og øvelser som alle kan mestre, kommer gruppen forbløffende raskt inn i et inkluderende samspel med kverandre. Her blir de engasjerte, oppmerksomme og lyttende nærmest uten at de er klar over det. Gleden over å lykkes med å skape musikk sammen, gir naturlig motivasjon til å opprettholde, styrke og utvikle samspillet.»

UNGKAR

**Teaterkonsert bygd på viser og tekstar av Alf Prøysen.
Av og med Knut Erik Engemoen. Musikk Frode Berntzen**

Stord Kulturhus, kinosalen - 17. september kl 18:00
Knutsaåsen Omsorgssenter 18. september kl 11:00



Ungkaren: ca 40 tilhørarar- Gode tilbakemeldingar.

Erfaringsmessig er det «kjente og kjære»songar som er det dei aller fleste likar. Det slår aldri feil. Men det er positivt at vi også får tilført andre opplevingar her oppe! Slik blir det noko for einkvar smak. Om noko kan skapa diskusjon, så er jo det også bra! Det var ein svært innholdsrik kulturell haust på Knutsaåsen.

Linda Eide, samarbeid med Falturiltu.

Knutsaåsen omsorgssenter 1. november 2014

Ca 70 tilhørarar, Her kom andre som ikkje direkte er knytt til Knutsaåsen også. Det var kjekt! Gode tilbakemeldingar-særleg for dei som var litt yngre.

